



Å gi gode råd til fylkeskommunen

Til deg som er oppnemnt som medlem
i kommunalt råd for personar med funksjonsnedsetting

NYNORSK

SAMARBEIDSFORUMET AV FUNKSJONSHEMMEDES ORGANISASJONER
UNGE FUNKSJONSHEMMEDE OG FUNKSJONSHEMMEDES FELLESGRUPPESAMMENKOMST



+ Til deg som er oppnemnt som medlem i fylkeskommunalt råd for personar med funksjonsnedsetting

INNHALD

Gratulerer som folkevalgt!	4
Kva er kommunalt råd?	5
Kvifor råd for personer med funksjonsnedsetting?	5
Du representerer alle innbyggjarar med funksjonsnedsetting	5
Arbeidet i rådet	7
1. Førebuing	7
2. Korleis prioritere sakene som kjem?	7
3. Korleis ta opp eigne saker?	8
4. Sett deg inn i saka	9
5. Uttale frå rådet	9
6. Oppfølging av saker – Kva skjer?	10
7. Når det ikkje fungerer	10
Samarbeidet, rådgevinga og nettverket	12
Nokre tips om samarbeidet internt i rådet	12
Rådgevinga	13
Det viktige nettverket	13
Temaområde som er aktuelle for arbeidet i rådet	14
Organisasjonane	16
Kva er rolla til organisasjonane?	16
FFO	17
SAFO	17
Unge funksjonshemmede	17
Opplæring og rettleiing	19
Opplæringa i organisasjonane	19
KS Folkevalgtprogram	19
Ein svært nyttig rettleiar	19
Statsforvaltarane	19

Nyvalgtheftet er utgitt - dato

Sist revidert - dato





**GRATULERER SOM
FOLKEVALT**

Du har sagt ja til å vere med på å gi fylkeskommunen din gode råd i arbeidet med å utvikle fylkeskommunen og å gi gode tenester. Du er saman med dei andre medlemmene verdifull for kommunen og for menneske med funksjonsnedsetting.

Takk for at du bidrar med kompetansen din og tida di i eit viktig arbeid!

+ KVA ER KOMMUNALT RÅD

Kommunale og fylkeskommunale råd er rådgjevande organ for høvesvis kommunestyret eller fylkestinget. Rådet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld personar med funksjonsnedsetting, utanom enkeltsaker. Hugs at dette kan vere mange ulike saker sjølv om ikkje personar med funksjonsnedsetting er nemnt spesielt i saksdokumenta.

+ KVIFOR RÅD FOR PERSONAR MED FUNKSJONSNEDESETTING?

Mennesker med funksjonsnedsetting er som regel underrepresenterte i andre folkevalte organ. Derfor er det viktig at nokon har spesielt fokus på funksjonshemma sine interesser og kommunalt råd for menneske med funksjonsnedsetting er etablert på grunn av dette.

Vi treng eit råd som følger med på om personar med funksjonsnedsetting i praksis blir likestilt med andre borgarar og får oppfylt sine menneskerettar. Likestilling betyr likeverd, like mulegheiter og like rettar. Likestilling føreset tilgjengelegheit og tilrettelegging (Likestillings- og diskrimineringslova).

+ DU REPRESENTERER ALLE INNBYGGARAR MED FUNKSJONSNEDESETTING

Som medlem i fylkeskommunalt råd for personar med funksjonsnedsetting er di oppgåve å tydeleggjere behov og synspunkt som innbyggjarane med funksjonsnedsetting har. Det blir forventa at du ivaretar interessene til alle innbyggerne med funksjonsnedsetting. Sjølv om du gjerne er foreslått av ein organisasjon, er det heile befolkninga av funksjonshemma i fylkeskommunen rådet skal ivareta interessene til. Men fatt mot: Det er ikkje ditt ansvar at fylkeskommunen oppfyller sitt regelverk på området. Du skal ikkje å vere saksbehandlar, jurist eller arkitekt. Men du kan kome med gode råd ut frå erfaringar frå innbyggjarar med funksjonsnedsetting.



ARBEIDET I RÅDET

01

FØREBUING

Som nytt medlem i rådet kan det vere mykje å sette seg inn i. Fortvil ikkje – det er mykje informasjon tilgjengeleg. God informasjon finst på dei fleste fylkeskommunane sine nettsider.

For å tydeleggjere oppgåvene betre skal fylkeskommunen ha utarbeidd retningsliner for rådet. Be om å få desse. Saker som rådet har jobba med i førre periode finst på fylkeskommunen sine heimesider. Dette gir ei god oversikt.

Nokre fylkeskommunar inkluderer også rådsmedlemmene i den generelle folkevaltopplæringa. Sjå side 19 for informasjon om opplæring og rettleiing.

02

KORLEIS PRIORITERE SAKENE SOM KJEM

Kommune-Noreg er svært forskjellig – frå dei største bykommunane til dei små landkommunane. Fylka er også ulik i folketal og geografisk omfang. Derfor vil tilfanget av saker til rådet og møtefrekvens vere forskjellig. Dersom du opplever å få veldig mange saker så er det første du bør spørre deg; Er dette viktig for personar med funksjonsnedsetting – vedkjem det oss?

Det er ikkje noka plikt til å gi råd/uttale. Men, dersom rådet meiner dette er viktig – ver kortfatta i dei råda som blir gitt.

Fylkeskommunen sine planar og budsjett er viktig å prioritere. Dei ulike fagplanane dannar grunnlaget for korleis tenester skal utførast dei nærmaste åra, og er derfor viktig å gi innspel på. Døme på dette kan vere; regional plan for folkehelse, samferdelsplan, planar for vidaregåande opplæring, kulturplan m.v. Når det gjeld budsjett; les kommentarar og forklaringar til tala. Dette gir oftast eit betre bilete av kva som meinest.



Å prioritere betyr eigentleg å sette noko først – å gi rang framfor noko anna. Så vanskeleg, men så nødvendig!

03

KORLEIS TA OPP EIGNE SAKER?

Frå § 2 i forskrifta: «Rådet kan også ta opp saker av eget initiativ»

Det er viktig at rådet tar opp egne saker og presenterer desse. Slik set rådet saker som gjeld menneske med funksjonsnedsettingar på dagsorden. Det vil samtidig vere med på å synleggjere rådet.

Å lage ein plan for året vil vere eit godt hjelpemiddel for dette. På den måten kan rådet bli einige om korleis og når dei skal ta opp saker, og at dette blir sett opp på møteplanen. Dette kan vere saker som ein har blitt kontakta om frå medlemsorganisasjonar eller har fått kjennskap til på andre måtar.

Det er svært viktig at rådet er nøye med å presentere fakta.

I mange samanhengar kan det vere formålstenleg å invitere fylkeskommunedirektør, sektorsjefar eller saksbehandlarar for å få innsikt og orientering om aktuelle spørsmål rådet lurar på. Leiarar av politiske utvala vil også vere relevante å ha korte møte med. Slik kan sakene etterspørrast og/eller presenterast.

I Barne-, ungdoms og familiedirektoratet sin rettleiar til råd for personar med funksjonsnedsetting blir det tilrådd at rådet bør ha faste møte med politisk leiar (fylkesordførar), til dømes to gonger i året. Dette er nettopp for å ha god kommunikasjon og synleggjere rådet si rolle.

Mange fylkeskommunar har budsjettseminar der politikarar, råd/utval, tillitsvalte og administrasjonen deltek. Sørg for å bli invitert – dette kan vere eit godt høve til dialog og moglegheit til å presentere saker rådet har prioritert.

I tillegg til dette kan rådet oversende ein førespurnad til fylkeskommunedirektøren, evt fylkesordførar slik:

Rådet er gjort merksam på at tilbodet innan vidaregåande opplæring for elevar med tilretteleggingsbehov ikkje fungerer etter formålet. Vi ber om ei orientering om praktiseringa på det neste møtet vårt slik at saka kan settast på den politiske dagsorden.

04

SETT DEG INN I SAKA

Når du som rådsmedlem får oversendt saker, så er det viktigaste: Les dokumental! Korleis ei sak blir presentert kan vere forskjellig i dei ulike fylkeskommunane, men generelt er det;

- Bakgrunn for saka; kva dreier saka seg om?
- Faktainformasjon; Er dette kobla opp mot noko lovverk? Har fylkeskommunen behandla tilvarande saker tidlegare?
- Ulike forslag til løysingar slik at politikarane har moglegheit til å velge.
- Konklusjon

Der det er omfattande saksframlegg er det gjerne eit samandrag. Les dette – og sjå etter om saka har nokon konsekvensar for personar med funksjonsnedsetting. Det er dette rådet skal konsentrere seg om og gjere politikarane merksame på – gi gode råd!

05

UTTALE FRÅ RÅDET

Frå § 2 i forskrifta: «Kommunen skal etablere rutiner som sikrer at rådene mottar sakene på et så tidlig tidspunkt i saksbehandlingen, at uttalelsene fra rådet har mulighet til å påvirke utfallet av saken.»

Til trass for § 2 i forskrifta, er det ofte kort tid mellom møtet i rådet og møte i eit politisk organ som til dømes fylkesutvalet eller fylkestinget.

Rådet sine utsegner skal følge saka fram til avgjerd. Kanskje er saka allereie sendt ut til medlemmene av fylkestinget og lagt ut på heimesidene utan at det tidsmessig har vore mogleg å sende med uttale frå rådet. I slike tilfeller er det viktig at fylkeskommunen sikrar gode rutinar for at uttalen til rådet blir sendt politikarane i etterkant slik at dei blir kjent med denne.

Er det eit medlem i rådet som også sit i fylkestinget, eller i det utvalet som skal behandle saka, så kjenner jo desse saka og kan opplyse om dette i det politiske møtet.

Ei uttale frå rådet er eit råd til politikarane. For å få mest mogleg gjennomslag bør ikkje uttalen vere for omfattande. Blir det brukt for mange ord, kan budskapet «drukne».



TIPS

Sørg for god dialog med fylkeskommunedirektør via rådssekretær når ein etablerer møteplanar

06

OPPFØLGING AV SAKER – KVA SKJER?

Alle utsegner i ei sak som skal behandlast politisk skal ligge ved saka – oftast som vedlegg. Der uttalen er kort, blir den ofte gjengitt i saksframlegget. Slik kan du enkelt sjekke i saka om uttalen er kome med. Alle fylkeskommunar har i dag elektroniske løysningar kor du kan gå inn på nettet og sjekke kva saker som skal behandlast og kva vedtak som skal gjerast.

Uttalen frå rådet er eit råd, og politikarane kan velge å sjå bort frå det eller ta omsyn til det, heilt eller delvis.

For at rådet skal haldast orientert om utfallet av dei viktigaste sakene det er gitt uttale i, bør konklusjonane/vedtaket i sakene refererast i rådet i eit seinare møte. Her er rådssekretæren og leiaren i rådet viktige.



TIL REFLEKSJON

Til refleksjon: Dersom du skal fortelle ein person om korleis rådet bidrar – kva vil du seie?

07

NÅR DET IKKJE FUNGERER

Rådet er eit lovpålagt organ med heimel i kommunelova. Det er i praksis fylkeskommunedirektøren som har ansvaret for at rådet fungerer etter formålet. Fylkestinget har ansvaret for å etablere interne system og rutinar i organisasjonen som sikrar at lova blir følgt. Erfaring viser at rådssekretæren er svært viktig.

I § 2 i medverknadsforskrifta heiter det at rådet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld menneske med funksjonsnedsetting.

- Dersom dette ikkje skjer, be om at fylkeskommunedirektør møter i rådet til ein dialog.
- Dersom dette ikkje fører til betring, ta saka opp med fylkesordførar.

Rådet skal kvart år skrive årsmelding som skal behandlast i fylkestinget. Dette kan vere eit høve til også å påpeike ting som ikkje fungerer. Når fylkestinget legg møteplan for råd og utval, sjå til at møta i rådet blir halde i god tid før møta i fylkestinget og politiske utval og at det er tilstrekkeleg med møte gjennom året.



TIL REFLEKSJON

Kva tenker du er innsatsen din for eit godt samarbeid i rådet?

Kva forventar du av andre?

Kor bevisst er du på måten du kommuniserer på?

Kva alliansar har du?

Korleis nyttar du nettverket ditt for å løyse oppgåver?

+ SAMARBEIDET, RÅDGJEVINGA OG NETTVERKET

Nokre tips om samarbeidet internt i rådet

- Bli godt kjent, de skal jobbe saman i fire år.
- Inkluder alle i møta, i sakene. Vi er ulike og kanskje treng vi ulike tilrettelegging.
- Del kunnskap. Nokre har lang erfaring, andre kort. Bidra med å dele det du kan.
- Lytt til dei andre i rådet. Hugs også perspektivet til unge. Skap ein god samarbeidskultur. Ein venleg og omsynsfull kommunikasjon er sjeldan feil.
- Marker gode resultat.

Rådgjevinga

I diplomatiet veit ein kor ein vil, og brukar bevisst kommunikasjon for å kome dit. Det er også lurt i rådsarbeidet. Klargjer kva rådet vil oppnå i saka som blir behandla, og bli einige om kva råd de vil gi. Det er bra å vere tydeleg på kva problema handlar om, og kva rådet meiner er moglege løysingar. Bruk tid på god argumentasjon som de bygger på fakta. Tenk over kven som er mottakar av innspela til rådet og tilpass budskapet til det.

Det kan vere fristande å fortelle nokre sannings ord i eit møte. Men hugs når du blir veldig engasjert; møt politikarar og tilsette med respekt og ver høfleg på same måte som du sjølv ønsker å bli møtt. Møta er moglegheiter til å få fleire til å forstå saka sett frå rådet si

side. Og hugs at det kan vere rådsmedlemmene som best kjenner til situasjonen for personar med funksjonsnedsetting. Ver førebudd på å måtte ta opp igjen budskapet mange gonger.

Det viktige nettverket

Erfarne rådsmedlemmer vektlegg ofte nettverket sitt når vi spør om kva som er viktig i rådsarbeidet. Nettverket består blant anna av god kontakt med folk i fylkesadministrasjonen og fylkespolitikken, av god dialog med funksjonshemma sine organisasjonar og personar som har mykje innsikt og kunnskap om saker som vedkjem rådet. Eit godt nettverk handlar om å bygge relasjonar, og det blir gjort over tid. Det handlar om å bli kjent med folk og å bygge gjensidig tillit.

+ TEMAOMRÅDE SOM ER AKTUELLE FOR ARBEIDET I RÅDET

Kva saker i fylkeskommunen er aktuelle for personar med funksjonsnedsetting? Vi har lista opp nokre område nedanfor for å gi eit bilete av den breidda av saker som kan vere aktuelle.

Dette er ikkje ei utfyllande liste, men desse områda kan du lese meir om under kursopplegget på nett for kommunale råd for personar med funksjonsnedsetting. **Last ned denne listen på ffo.no/....**

Plan og budsjett

- At sentrale tema som gjeld likestilling for personar med funksjonsnedsetting kjem inn i plandokument slik at disse blir utgangspunkt for nærmare tiltak i dei årlege budsjetta i planperioden.

Universell utforming

- At universell utforming er grunnlaget for planlegging, utbygging og tiltak slik at personar med funksjonsnedsetting har dei same moglegheitene for deltaking og blir likestilt med andre.

Folkehelse

- At fylkeskommunen fremmer folkehelse til befolkninga ut frå sitt ansvar, og tar omsyn til innbyggjarar med funksjonsnedsetting sin situasjon i sine planar og tiltak.

Arbeid

- At fylkeskommunen er ein god arbeidsgjevar som inkluderer personar med funksjonsnedsetting som arbeidstakarar, og som oppfyller aktivitets- og forklaringsplikta for arbeidsgjevarar.

Kultur

- At fylkeskommunen planlegg og gjennomfører tiltak som sikrar tilgjengelegheit og universell utforming på kultur, fritid og sosiale arenaer med gode assistanseordningar.

Samferdsel:

- At innbyggjarar med funksjonsnedsetting kan ferdist på lik line med andre.
- At fylkeskommunen sikrar universell utforming, ei god TT-ordning, tilstrekkeleg med parkeringsplassar med eit godt vedlikehold også på vinteren

Tannhelse:

- At fylkeskommunen forvaltar sitt ansvar for den offentlege tannhelsetenesta slik at tilboda, også spesialisthelsetenester, er tilgjengeleg i rimeleg grad for alle som bur eller oppheld seg midlertidig i fylket. Nokre grupper har spesielle rettar etter lova, blant andre utviklingshemma, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie.

Vidaregåande opplæring

- At dei vidaregåande opplæringstilboda i fylket er inkluderande med universell utforming i bygg og uteområde, nødvendig tilrettelegging samt spesialundervisning ved behov.
- At det blir sørga for ein god overgang frå grunnskolen og god rådgjeving når det gjeld overgang til jobb eller høgare utdanning.

Vaksenopplæring

- At fylkeskommunen gir god rådgjeving om rett til og moglegheit for vidaregåande opplæring for vaksne personar med funksjonsnedsetting.
- At det blir gitt eit godt opplæringstilbod.



+ ORGANISASJONANE

Det er mange organisasjonar som organiserer personar med funksjonsnedsetting. Dei fleste er medlemmer i paraplyorganisasjonane Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO), Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) eller Unge funksjonshemmede.

KVA ER ROLLA TIL ORGANISASJONANE?

Organisasjonane som organiserer personar med funksjonsnedsetting er viktige kjelder til kunnskap om situasjonen til funksjonshemma. Derfor er det viktig for rådsmedlemmene å ha kontakt med organisasjonane og lytte til «kor skoen trykker». Til forskjell frå enkeltpersonar, har organisasjonane oppsamla erfaringar frå mange medlemmer gjerne over fleire år, og har derfor meir oversyn over vanlege utfordringar som bør gjerast noko med.

Organisasjonane har kompetanse om spørsmål rundt menneskerettar og likestilling for gruppene det fylkeskommunale rådet skal representere.

Organisasjonar som representerer personar med funksjonsnedsetting, har rett til å fremme forslag om medlemmer til rådet. Ta gjerne kontakt med fylkes-FFO eller SAFO-regionen for meir informasjon om dette. FFO og SAFO gir også opplæring i vervet som rådsmedlem og har dialog med rådsmedlemmer. Ofte er dette opplæring og konferansar om ulike tema.

FFO og SAFO nasjonalt har kontakt med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) og Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) som forvaltar og gir rettleiing i regelverket rundt kommunale råd.

FFO

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon har 87 medlemsorganisasjonar, og har fylkeslag. Du finn kontaktinformasjon på nettsidene til FFO. Desse representerer heile spekteret av personar med kroniske sjukdommar, funksjonshemming og deira pårørande.

SAFO

Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner sine medlemsorganisasjonar er Norges Handikapforbund, Norges Handikapforbunds Ungdom, Norsk Forbund for Utviklingshemmede og Foreningen Norges Døvblinde. SAFO har ni regionar. Du finn kontaktinformasjon på nettsidene til SAFO.

UNGE FUNKSJONSHEMMEDE

Unge funksjonshemmede har 38 medlemsorganisasjonar og organiserer grupperingar av ungdom med funksjonshemming og kronisk sykdom. Unge funksjonshemmede er kun organisert med nasjonalledd. Meir om Unge funksjonshemmede på deira nettsider



OPPLÆRING OG RETTLEIING

OPPLÆRINGA I ORGANISASJONANE

Organisasjonane har etablert ei opplæring for deg som rådsmedlem. Opplæringa omhandlar det same som er omtalt i dette heftet, men har meir utdjuping og nokre fleire tema. Du kan bruke dei utdjupande temaene som «oppslagsverk» når du jobbar med ulike saker i rådet.

Du kan gå igjennom organisasjonane si opplæring på nett på eiga hand, og du kan spørre FFO og SAFO om dei har opplæring i gruppe. Opplæringa finn du på paraplyorganisasjonane sine nettsider.

FFO og SAFO i fylket har også anna relevant opplæring. Den kan vare eit supplement til den spesifikke opplæringa for medlemmene i kommunale råd. Sjekk også ut eigne kurs om korleis jobbe med FN-konvensjonen CRPD i kommunale råd.

KS SITT FOLKEVALTPROGRAM

Kommunesektorens organisasjon, KS, har tilbud til alle kommunar og fylkeskommunar om eit program for dei direktevalte i kommunestyra, kommunedelsutvala og fylkestinga. Også kommunedirektøren med si

leiargruppe er målgruppa for programmet. Som rådsmedlem er du ikkje direkte valt av innbyggjarane sjølv om du er folkevalt. Basisopplæringa for folkevalte skjer som oftast tidleg etter valet. Roller og rolleforståinga er eit av dei sentrale temaene i dette programmet. KS har utarbeidd eit eige opplegg for dei obligatoriske råda som kommunane og fylkeskommunane kan nytte sjølv. Dette opplegget tar for seg kommunen eller fylkeskommunen sine oppgåver og ansvar, råda sin plass og di rolle som rådsmedlem. Dette kan de bestille gjennom rådssekretæren.

EIN NYTTIG RETTLEIAR FRÅ BUFDIR

Barne- ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) har laga ein rettleiar til deg som rådsrepresentant og til sekretariatet for rådet. I rettleiaren er det informasjon om regelverket og tips til korleis råda kan arbeide. Rettleiaren finn de på Bufdir sine nettsider.

STATSFORVALTARANE

Det er til slutt nyttig å vite at statsforvaltarane gir tolking av regelverket rundt råda når det er kommunar og fylkeskommunar som stiller spørsmålet om korleis regelverket kan forståast.



Scan koden for å finne den digitale versjonen av heftet.